

Fra: "Alvar Melvær" <alvar-m@online.no>
Sendt: tirsdag 23. april 2024 16.54.54
Til: uttalelse@nve.no
Emne: Høringsuttalelse 202205918 Tillegg til uttale sendt 19.04.2024.
Vedlegg: 2024-04-23_Firda_-_23-04-2024_print Om drikkevatn.pdf

Hei!

Eg viser til:

Høringsuttale 202205918 Selselva kraftverk – auka slukevne og regulering av Selsvatnet + 2 vedlegg, som eg sende til NVE uttalelse@nve.no den 19.04.2024 kl. 15.59.

I avisa Firda kom det i dag ein artikkel om drikkevatnet som har inntaket sitt på den utbygde strekningen, sjå vedlegg. Avisartikkelen indikerer at eg i høringsuttalen eg sende 19.04.2024, har undervurdert ulempene for drikkevassforsyninga. Kombinasjonen av auka slukevene, regulering av Selsvatnet og ei minstevassføring på berre 54-55% av 5-persentilane, vil «garantert sikkert» føre til enda dårlegare drikkevasskvalitet. Reguleringa av Selsvatnet vil føre til at det nesten heile året berre vil renne minstevassføring i elva. Så liten vassføring nesten heile året, vil føre til auka risiko for alvorleg (meir konsentrert) ureining av vatnet, mellom anna som følgje av avføring av dyr på beite, ville dyr, som villrein, daude dyr etc. Så vil det kome nokre få store flaumar gjennom året som også vil vaske med seg ureining av ulike slag. Dette gir meg – i sum - enda større grunn til å vere kritisk til utbygginga. Det vil eg oppmode NVE om å vere også.

Venleg helsing
Alvar Melvær
Storehagen 1 C
6800 FØRDE
E-post: alvar-m@online.no
Tlf: 918 22 864